

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ragnhild Aanestad  
Arkivsaksnr.: 17/1789 - 2

Arkiv: 034

### Planlagt behandling:

Hovudutval for helse og velferd

## TILDELING AV KOMMUNALE BUSTADER

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for levkår vedtok i 2007 at det skulle opprettast eit team for bustadtildeling som skulle tildela omsorgsbustader og andre kommunale bustader. Teamet var samansett av avdelingsleiarane i heimetenesta, sosialavdelinga, helseavdelinga og vedlikehaldssjef i LU. Hensikten med å oppretta dette tverrfaglige teamet var å vurdere det samla brukarbehovet i forhold til dei bustadene kommunen hadde til disposisjon.

I løpet av desse 10 åra har det skjedd fleire omorganiseringar i helse og velferd, og teamet for bustadtildeling har endra samansettinga og er utvida.

### Bustadkontor

Eit av tiltaka i den bustadsosiale handlingsplanen 2015-2017 var å etablera bustadkontor. Hensikten med bustadkontor var å samla bustadsosiale oppgåver ein plass; oversikt over brukarbehov, oversikt over bustadmassen, råd og veiledning, forvaltning av Husbanken sine verkemidlar (lån og tilskot). For innbyggerane er det fordel med «ei dør inn», dei treng ikkje lenger henvenda seg fleire plassar i kommunen for å få hjelp i bustadsaker. For kommunen er det viktig å samla kompetansen, forenkla saksgangen i bustadsaker og sørge for optimal utnytting av den kommunale bustadmassen.

Ei tverretattlig arbeidsgruppe har utarbeidd rapporten «Prosjekt bustadkontor- utgreiing april 2017». Utgreiinga ligg til grunn for utvikling av bustadkontoret som blei etablert 01.09.2017.

I utgreiinga blir det føreslått ny måte å tildela bustader på. Vedtaket gjort for 10 år er ikkje lenger hensiktsmessig, og det blir difor føreslått forenkla og endra rutinar for bustadtildeling.

### Tildeling av bustad

Teamet som arbeider i bustadkontoret er tverrfaglig samansett og har ein fagansvarlig for kontoret. I tillegg til saksbehandlarar med ulik kompetanse, er det ein buveileidar, bustadkonsulent som arbeider med Husbanken sine verkemiddel og miljøvaktmeistar.

Bustadkontoret er i Sirkelen, organisatorisk plassert i tenestekontoret. Fleire av dei tilsette har oppgåver både i bustad- og tenestekontoret.

Det blir føreslått at bustadkontoret har delegert vedtaksmyndighet i bustadsaker. Ein del «enkle saker» som forlenging av leigeforhold eller når det er planlagt kven som skal ha ein bestemt bustad (eks nye bustader til unge med funksjonsnedsetting) bør behandlast fortløpande i bustadkontoret. Dette er smidigare og meir effektivt enn om alle saker skal leggjast fram for eit tildelingsteam. Det vil og bidra til nye leigetakarar kan flytta raskt inn i ledige bustader.

I samansette og krevjande saker er det behov for drøftingar i eit utvida forum. Det foreslås difor å etablera eit tildelingsteam for dei samansette/krevjande sakene. Dette er saker kor det

er viktig å sikra felles forståing og mest mulig rettferdig og hensiktsmessig fordeling av bustadene.

### Samansetting av tildelingsteam

|                            |  |
|----------------------------|--|
| Bustadkontoret:            | Fagansvarlig + sekretær<br>Ansvar: Møteleiing. Oversikt over bustadene, områda bustadene ligg i, historikk, klager, samarbeid osv. Oversikt over søkarar på venteliste og forventa bustadbehov.<br>Sekretærfunksjon. |
| NAV:                       | Leiar eller fast teamleiar med oversikt over midlertidige bustader og bustadbehov.   |
| Miljøtenesta:              | Avdelingsleiar med oversikt over brukarar som har behov for deira tenester for å kunna bu.   |
| Avd. psykisk helse og rus: | Avdelingsleiar med oversikt over brukarar som har behov for deira tenester for å kunna bu  |
| Heimetenesta:              | Avdelingsleiar med oversikt over brukarar som har behov for deira tenester for å kunna bu  |
| Flyktningetenesta:         | Leiar med oversikt over kven som vil ha behov for bustad vidare etter 3 års periode  |

Er det er behov for tilleggsinformasjon i konkrete saker, kallest aktuelle instansar, personar inn ved behov, eks. barneverntenesta.

Tildelingsteamet har møte ein gong pr månad (når behov). Hastesaker tas opp mellom dei faste, månadlege tildelingsmøta.

Bustadkontoret avgjer kva saker som skal behandlast fortløpande og kva saker som skal leggst fram for tildelingsteamet.

### Type bustader

Det vil på sikt vera førmålstenleg å organisera alle kommunale bustader ein plass. Men for å kunna bygga opp eit bustadkontor gradvis, blir det føreslått å halda desse utanfor i første omgang:

1. Bustader til flyktningar (i etableringsfasen). Der er regelverket/samarbeid med IMDI førande for framskaffing av bustader. Flyktningetenesta er i utvikling, og det kan vera fornuftig at dei tek hand om bustader til flyktningar, i samarbeid med LU ei tid framover. Sjølv om tildeling av bustader til flyktningar i etableringsfasen ligg utanfor bustadkontoret, har flyktningetenesta ei rolle i bustadkontoret (kompetanse, råd, veiledning, oppfølging)
2. Smievegen 2. Dette tilbodet til unge som treng butrening, er forholdsvis nytt. Det er lagt føringar for tildeling av bustader der barneverntenesta har eit særleg ansvar. Bustadene blir ikkje tildelt isolert, men ungdommane får tildelt tenester med bustad. Det vil vera uheldig å gjera endringar i Smievegen før dei har fått prøvd ut dagens ordning noko lengre.
3. Alderspensionatet. Tildeling av alderspensionatet blei flytta til inntaksmøtet (tildeler institusjonsplassar) for omslag 1 år sidan. Det er ikkje grunn å endra dette.

I tillegg kjem midlertidig butilbud (nødsituasjon) som er lovpålagt oppgåve i NAV, og ikkje inn i bustadkontoret (jfr Lov om sosiale tjenester i NAV)

### Oppsummert

Med unntak av bustader til flyktningar i etableringsfase, Smievegen 2 og alderspensjonatet blir det føreslått at bustadkontoret har delegert myndighet i bustadsaker. Saker som er kompliserte/samasette skal leggest fram for tildelingsteamet.

### **Evaluering**

Det skal gjennomførast evaluering av bustadkontor etter to års drift. Ein vil då sjå særlig på desse punkta:

- Type bustader lagt til bustadkontoret. Bør tildeling av bustader til flyktningar i etableringsfasen, Smievegen 2, evt andre bustader leggest til bustadkontoret?
- Korleis fungerer ordninga med miljøvaktmeister i bustadkontoret?
- Tildelingsordning. Korleis fungerer ordninga med tildelingsteam som behandlar dei samansette/krevande sakene, mens bustadkontoret fortløpande tek seg av dei «enklare»?

### **Bustadsosial strategigruppe**

Det er nylig etablert ei overordna strategigruppe for å sikra felles forståing og kontinuitet i det bustadsosiale arbeidet. Strategigruppa skal:

- Vidareføra arbeidet med bustadsosial handlingsplan, anten i form av å utarbeida ny plan eller eit overordna strategidokument. og sørge for oppfølging i dei ulike avdelingane.
- Følga utviklinga av bustadkontor, sjå korleis dei nye rutinane for bustadtildeling fungerer i praksis og korleis dei verkar inn på bruk og utnytting av dei kommunale bustadene.
- Bidra og gi innspel i planleggings- og budsjettprosessar knytt til framskaffing av bustader.

Strategigruppa er samansett av: Kommunalsjef LU, kommunalsjef HV, verksemdleiarane HV, vedlikehaldssjef, fagansvarlig bustadkontor, avdelingleiar tenestekontoret, økonomisjef, rådgjevar HV.

### **Vedlegg:**

Prosjekt bustadkontor- utgreiing april 2017

### **Innstilling:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Nye tildelingsrutinar i tråd med saksframlegget trer i kraft 1.1.2018
2. Tildelingsrutinane blir evaluerte innan 2 år.

Rådmannen i Klepp 17.10.2017

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*